

GNIST22

LANDSLEIR FORSAND 2. - 9. JULI 2022

PÅMELDING:

Send mail til : vardenspeider@gmail.com

- Namn på speider
- Matallergi, matintoleranse eller diett?
- Bildetillatelse? Ja/nei
- Dele bilder med andre samarbeidsorganisasjoner? Ja/nei
- Delta på fellestransport frå Byterminalen til leiområdet: ein veg eller T/R 100,- pr. veg.
(oppmoder til at flest mogleg blir med på fellestransporten, for det blir fort fullt av bilar inne på Forsand)

Påmeldings og betalingsfrist til gruppa: **28. mars.**

Knr: 6351 05 19509 Varden KFUK-KFUM speiderne

Hugs å skrive « NAMN, landsleir»

Pris, leiravgift:

- 2 700 kr - ordinær deltaker
 - 1 900 kr - ordinær deltaker, fra og med andre familiemedlem
 - 1 300 kr - lederpris*
- Hugs å leggje på evt. fellestransportkostnad;-)

Deltagerfond:

KFUK-KFUM-speideren har opprettet en ordning som heter KFUK-KFUM-speidernes deltakerfond. Økonomien skal ikke være til hinder for å delta på våre aktiviteter. Er du 26 år eller yngre kan **du/ dine foresatte sende søknad** om å få dekket hele eller deler av deltakeravgiften din på alle innlandsarrangement i KFUK-KFUM-speideren. Les mer her:

<https://kmspeider.no/deltakerfond/category5278.html>

Frilager.no

På frilager.no kan ein låne t.d. sovepose, liggeunderlag, sekk til ein rimeleg penge. Kan nok vere lurt å vere ute i god tid sidan landsleiren skal vere her i distriktet. Les meir her:

<https://frilager.no>

Behov for å dele opp faktura?

Ta kontakt med kasserer Kari Motland: kari.wmo@lyse.no

Besøk

Ja – det er alltid triveleg med besøk!! Men nærmare info vil kome kva tid dette passar best. I starten av leiaren er det mykje byggjeaktivitet som føregår, så det er nok kjekkast å få besøk når vi har fått opp det meste. Så skal speidarane ut på haik midt i veka.

Den desidert kjekkaste dagen å kome på besøk, vil nok vere på fredagen under markedsdagen☺ Meir info kjem.

Parkering

Meir info om dette vil kome når det nærmar seg.

Mobiltelefon

Leiarar og speidarar tek med mobiltelefon på eige ansvar. Framleis kan ein ikkje låse eit teltdør... ;-) Tap av mobil har vel og merke aldri vore noko problem tidlegare;-) Dei fleste av oss har nok med oss telefonen «overalt». Dersom ein ikkje har med telefon, og det er behov for ein samtale heim, så låner speidaren ein av leiarane sin telefon.

Er det speidarar som blir gripne av heimlengt, oppmodar eg sterkt om at de tek kontakt med ansvarleg leiar. Dette fordi vi kan ikkje alltid vite om speidaren ligg inne i soveposen sin om kvelden ringjer dokke. Snakk gjerne med speidaren om dette på førehand, og be dei kome til oss vaksne dersom noko skulle oppstå som vi ikkje får med oss.

Lading av mobil: på tidlegare leiarar, så har gruppa t.d. hatt ein «ladeboks» som vi fraktar til eit ladepunkt/telt der mobilar blir lada opp. Korleis det blir på denne leiren, har vi ikkje fått informasjon om.

Lommepenger

På leir er det ikkje behov for å kjøpe mat. Det er rikeleg, god og sunn mat som blir servert på leiren. Som regel har vi attpåtil dessert kvar dag!

Det speidaren vil ha behov for, er å kunne kjøpe seg ein is , brus eller litt godteri innmellom – i tillegg til kanskje noko i speiderbutikken. Her sel dei alt frå leirutstyr, speidermerker, T-skjorter m.m. Ta ein prat med speidaren om at dersom det t.d. er ting i speiderbutikken som ein ønskjer, så ringjer ein heller og etterspør med dykk om det er greit å kjøpe☺

For ytterlegare spørsmål:

vardenspeider@gmail.com

